

KVINNHERINGEN MÅNDAG 23. DESEMBER 2013

Juleblomen
— for 25 år sidan
Fredag 23. des. 1988

Honnør til lysmeistrar

Julegrana i Uskedalen har lyst opp desember i 50 år. Det gjer seg ikkje sjølv.

Fizre meiner at seniorane Lars Myklebust (62) og Knut Steinsletten (64) fortener kvar sin juleblom frå Kvinnheringen for årelang innsats i grana. Det er Uskedal Musikklag som har ansvar for at grana får julelys i julemånaden, i år skjedde det for 50. gongen. Så er det slik i musikklaget som i andre lag; nokre er ivrigare som i andre. Myklebust og Steinsletten høyrer til dei ivrige. I minst 35 år har begge vore sentrale under den til dels halsbrekkjande øvinga førte helga i desember.

— Overraskande, men kjekt, seier Myklebust då Kvinnheringen dukkar opp med to julestjerner.

— Men vi er slett ikkjeleine om dette, innvender Steinsletten. I samråd med Myklebust nemner han fleire andre som òg har gjort ein fin innsats i mange år, Gunvald Friheim, Ståle Eik, Arne Terje Haugland.

— Dei kjem på at det er litt risikabelt å ramse opp namn, då nokon lett kan bli gløymde. Det viktige er at æra skal delast med mange andre.

Uansett har ingen så mange år bak seg i grana som desse to karane. Kvart år tidleg i desember vert jobben gjort. To mann klatrar til topps i den meir enn 22 meter høge grana, i år var det

Steinsletten og Ståle Eik som måtte til pors. Frå bakken vert det heist opp sju lyslekkjer à 10 lys, pluss ein lys som fyller roffa som «den blanke stjerna i toppen». Karane oppe i treet festar lekkjene til eit stålrør som er montert avst på stamma, deretter blir lenkjene fint danderte med jamn avstand nedetter treet – og vips, så er det jul i Uskedalen.

Jobben er ikkje gjort med dette. Gjennom heile den månaden lysa lyser ser karane til at alt er som det skal. Lyspørrer må skiftast rest som det er.

— Har det gått gale nokon gong?

— Ikkje akkurat gale, men det hender vær og vind hindrar oss i arbeidet, seier Steinsletten.

Som eksempel fortel han om eit år med eit fiela vær i desember. Så gale var det at halvparten av pærene var tokne då julaften kom. Ikkje ein einaste dag hadde dei vore vær til å gjera noko med det undervegs.

— Men i kyrkjetida på julaften løya vinden såpass at vi fekk skifta ut pærene. Då folket kom ut frå kyrkja, heisa grana god jul med alle 71 lysa instakte!

Trude Aarnset
trude@kvinnheringen.no

Over 400 arbeidslause i Kvinnherad

Berre på eit par dagar har arbeidslause i Kvinnherad blitt dobba. Det har skjedd med nedleggja av Norway Foods på Sunde å gjera, der kring 90 mista jobben, og konkursten hos Skaaturen Skibsbygging der kring 90 vart utan arbeid.

Res.kap med respekt

Harry Wældeland, residenskapellan med meiningar om Allah, Arne Myrdal og Carl I. Hagen. Han brukar tida si på innvandrarar så vel som kyrkjegjengarar. Han er opphavsleg lærer. Alt er han respektert for. Kyrkjelydane i Kvinnherad prestegjeld



MYLLA: Lars Myklebust (t.v.) og Knut Steinsletten får kvar sin juleblom for heiderleg innsats i grana i Uskedalen.

Foto frå dagens julenummer av Kvinnheringen.

I dagens julenummer av Kvinnheringen kan vi mellom anna lese om at Knut Steinsletten og Lars Myklebust er tildelt avisa sin juleblom. Dei to eldsjelene har fått den for det store og verdfulle arbeidet dei har gjort med julegrana i bygda vår gjennom svært mange år.

Til avisa understrekar dei to at dei gjennom åra har hatt mange gode hjelparar, og det er nok sant. Både Ståle Eik, Gunnvald Friheim, Arne Terje Haugland og ein del fleire har gjort ein god innsats. Likevel er det ikkje tvil om at Lars og Knut er i ei særklasse! Dei har vore drivkreftene som har stilt opp kvart år gjennom 35 år. Veret har ikkje alltid spelt på lag, men dei har likevel alltid sytt for at julegrana har vore på sitt finaste både i jule- og nyttårshøgtida!

Pyntinga før tenninga er berre starten på jobben, vedlikehaldet med skifting av pærer er kanskje det største arbeidet. Og det må gjerne gjerast til upassande tider i ei travel juletid.

Vi set pris på at Kvinnheringen har vist dei honnør for denne betydningsfulle innsatsen, og på vegne av bygdefolket rettar vi ei stor takk til Lars, Knut og hjelparane deira for den flotte innsatsen dei legg ned år etter år.

Av: Thor Inge Døssland.